



# OSMERRA

Informasjonsblad for Osbanens Venner

Nr. 4 - mars 1999



*Kalandseid stasjon fotografert frå sør vinteren 1907.*

*Kalandseid var høgste punktet på Osbanen, 75,5 meter over havet. Det spesielle med denne stasjonen var at stasjonsbygningen låg ved sidesporet (hovudsporet til Nesttun svingar av mot venstre).*

*På dresinen til venstre sit Jon Sjøfteland. På dresinen til høgre sit banevaktar Hjalmar Espetvedt.*

*Mellom desse i bakgrunnen står baneformann Johan J. Espetvedt. Han var far til Hjalmar.*

*Stasjonsbygningen (t.v. i biletet) inneheldt ekspedisjon, kontor, venterom og husvere for banevaktaren.*

*Fotografen ukjend.*

## Osmerra

Informasjonsorgan for foreininga Osbanens Venner.

Nr. 4 / mars 1999.

Redaksjon: Oddvar Skre, Egil Olav Jakobsen og Per Ivar R. Tautra.

Redaksjonen avslutta 28.02.1999.

Osbanens Venner, Postboks 178, 5852 Bergen.

E-post: oddvar.skre@nisk.no / perivar.tautra@c2i.net

## Innkalling til årsmøte

Du vert med dette kalla inn til årsmøte i foreininga Osbanens Venner.

Møtet vil finna stad

**onsdag 24. mars 1999, kl. 19.00**

i møterommet (under gymnastikksalen) på Stend Jordbruksskule.

Etter vedtektene har alle betalande medlemmer rett til å ta del på årsmøtet med tale- og røysterett.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
2. Val av ordstyrar og referent.
3. Årsmelding 1998.
4. Rekneskap 1998.
5. Val av styre, vararepresentantar, revisor og valnemnd.
6. Fastsetjing av kontingent for 2000.
7. Budsjett og arbeidsprogram for 1999.

Enkel servering.

Vel møtt!

Helsing styret

# Årsmelding for Osbanens Venner 1998

## Årsmøte og styre

Ordinært årsmøte i Osbanens Venner vart halde 31. mars 1998 i møtesalen på Stend Jordbruksskule. Åtte medlemmer var til stades. Møtet gjorde mellom anna vedtak om at kontingenten for 1999 skal haldast på same nivå som i 1998, altså 100 kroner.

Årsmøtet gjorde val på nytt styre etter dei gjeldande vetektene. Det inneber at formannen vert valt for eitt år av gangen, dei andre styremedlemene for to år av gangen. Vararepresentantar og andre tillitsvalde skal veljast for eitt år av gangen.

Etter årsmøtet har Osbanens Venner hatt desse tillitsvalde:

Formann:	Oddvar Skre
Kasserar:	Egil Olav Jakobsen
Sekretær:	Per Ivar R. Tautra
Styremedlemer:	Anders Kåre Engevik Atle Skjerlie
Vararepresentantar:	Paul Martin Kronheim Ketil Aspevik (ny)
Revisor:	Harald Jonassen
Vara for revisor:	Anne Marie Flaterås
Valnemnd:	Anders Kåre Engevik, Geirmund Revheim og Bjørn Henanger (ny).

Årsmøtet vel ikkje kasserar og sekretær. Styret konstituerer seg sjølv. Det har i meldingsåret vore halde tre styremøte.

## Museet Stend stasjon

Det har i 1998 vore halde ope museum på Stend stasjon frå kl. 11 til 15 søndagar i juni og august. Når vi valde å endra på opningstidende, var det på grunn av erfaring frå tidlegare år. Det har tidlegare vore vanskeleg å få folk til å stilla som vakter i fellesferien, samstundes som det har kome få besøkjande i den same perioden. I staden for å ha ope i juli, har vi i staden hatt ope *kvar* søndag juni og august, mot annankvar tidlegare år. Vi trur det er greit å ha ope kvar søndag i staden for annankvar, for det har visst vore mange som har gjort sine bomturar til stasjonen dei søndagane stasjonen ikkje har vore open. Opningstida har vore to timar kortare enn i føregåande år, men dei to siste timane (15-17) har vore dårleg besøkte.

Det nye opplegget må seiast å ha fungert svært godt. På dei ordinære opningsdagane har vi totalt hatt 350 besøkjande. Og då har vi ikkje rekna med folk som berre så vidt har stukke hovudet inn døra og gått vidare. Dette må reknast for å vera svært bra - for eit lite museum som attpåtil er halvt utandørs. Også i år heldt vi ope hus under Kulturdagane i Fana og Ytrebygda, søndag 4. oktober. Ca. 40 personar skreiv seg i gjesteboka, men vi reknar med at over 50 var innom stasjonen denne dagen, trass i kaldt ver.

Nestun-Osbanen brevhus har vore ope i år óg, men diverre har det vore få som har nytta tilbodet om å kjøpa frimerke og senda brev eller kort frå stasjonen. Billettar har vore delt ut til besøkjande.

Måndag 19. oktober var to skuleklassar (4. og 5. klasse) frå Lysekloster skule innom og fekk omvising på stasjonen. Arrangementet var vellykka, og Osbanens Venner vil arbeida aktivt for å få fleire skuleklassar til å ta turen til Stend i året som kjem.

Annonsering: Vi har hatt annonse for museet i Fanaposten to gonger i 1998, den eine av desse var i samband med kulturdagane. I Os og Fusaposten har vi hatt inne annonse to gonger i august. Vi har fått erfaring for at mange i Os ikkje kjenner til foreininga eller museet på Stend. I oktober la Per Ivar Tautra ut eit forsøk på internettside med tekst og bilete som gir ein kort og informativ presentasjon av Osbanen og museet. Det er lagt linkar til sida frå andre nettsider med jernbanehistorisk materiale.

### **Utført arbeid på stasjonen**

Som vi skreiv i førre årsmeldinga, rakk vi ikkje å måla heile stasjonsbygningen i 1997. Nest siste helga i mai 1998 fekk vi på nytt låna stillas, og så var det å gå i gang med å måla ned austveggen. Denne gongen var ikkje veret på vår side, men på grunn av at taket stikk eit stykke ut, var veggen tør nok til å kunna målast. Sjølv om vestveggen (ut mot jernbanesporet) enno ikkje er heilt ferdig, står stasjonsbygningen no endeleg fram i originalfargane på alle kantar. Osbanens Venner vil gjerne retta ei stor takk til Fana Blikk for utlån av stillas, og til Otto Kronheim som velvillig stilte opp og både monterte og demonterte stillaset.

Under arbeidet med målinga såg vi at bygningen treng ein del vedlikehald i tida som kjem. Ein del bordkledning har rotna, og må skiftast ut. Dette er arbeid som må prioriterast. Stasjonsskiltet som hang på veggen ut mot sporet, er teke ned. Skiltet var delvis rotna og skittent, og skal målast på nytt.

I mars 1998 slo lynet ned og øydela alarmanlegget i stasjonsbygningen. Til all lykke vart det ikkje påført andre skadar på bygningen, men vi fekk ein stor ekstrakostnad med å setja alarmanlegget i stand att. Denne utgifta vart heller ikkje dekkja av forsikringa. Innbrotsalarmen har vore utløyst nokre gonger, men vi har aldri sett synlege teikn til forsøk på innbrot. Det er no óg installert brannalarm i bygningen.

### **Vogna**

Under tre av vindauga på den eine langsida var listene gjennomrotne, og vatn lekte inn i vogna. Listene vart skifta ut i haust. Vogna var måla med to strok utvendes i 1997, men alt no var måling byrja skalla av på nytt. Dette skuldast dårleg underlag. Det ser ut til at dei nye borda som vart sett inn for få år sidan, har vorte lakkerte før det vart måla utanpå (!) Delar av vogna skal målast på nytt til våren. Etter at hundrevis av føter har trampa over plattformene, treng desse sårt nye strok med måling.

Det vart i haust kjøpt inn ny presenning til å dekkja over vogna med for vinteren. Den gamle presenningen var av dårleg kvalitet, og var etter få års bruk vorten svært fillete. Presenningen var heller ikkje lang nok, og det måtte nyttast fleire presenningar for å dekkja heile taket.

### **Osmerra**

Medlems/informasjonsbladet Osmerra har kome ut med to nummer i 1998. Årsmøtelyden vart beden om å seia si meining om bladet, og meiningane var eintydige. Bladet er liv laga og tener ein viktig funksjon som bindeledd mellom dei aktive og resten av medlemsmassen. Vårnummeret av bladet kom ut i mars, og inneheldt årsmøteinnkalling, årsmelding, arbeidsplan og budsjett. Septemberutgåva inneheldt mellom anna oppsummering av aktivitetane på Stend siste sommaren, referat frå årsmøtet, invitasjon til kulturhistorisk vandring, og ein artikkel med gamle brev ("godbitar") frå Osbanen sitt arkiv. Sekretæren i foreininga har stått for redigering av bladet. Annonsar på baksida av bladet har vore med og kompensert for utgiftene til kopiering og frankering. Kopieringa har skjedd i privat regi, og utgiftene er dermed noko lågare enn om eit offentleg trykkeri skulle gjort arbeidet.

## **Økonomi**

Vi minner om kontonummeret vårt (Fana Sparebank) for dei som ønskjer å senda frivillige bidrag til foreininga. Om nokon ønskjer å tinga videofilmar (kr. 190,-), bøker (kr. 198,-) eller postkort (kr. 5,-) kan dette skje ved å setja inn rett beløp på konto nr. 3414.18.00738.

Auke i medlemskontingent og husleige har ført til betra inntektsgrunnlag for foreininga. Elles har sal av bøker, videokassetar og postkort på stasjonen gitt ein del inntekter.

Medlemstalet er stabilt. I 1998 hadde Osbanens Venner 77 medlemmer. Av desse betalte 67 medlemmer kontingenten. Året før var talet på betalande medlemmer 69.

## **Diverse**

Søndag 1. november arrangerte Osbanens Venner kulturvandring på Osbane-traseen frå Kalandseid til Hamre. Medlemene i foreininga vart gjennom medlemsbladet inviterte til å vera med. I tillegg vart turen lyst ut i Fanaposten. Trass i eit strålende ver, var det berre ni personar som møtte fram. Vi får tru at kollisjon med andre arrangement, som t.d. cupfinale, var årsak til dette. Dei få som var med på turen, fekk i alle høve godt utbytte og vart vel nøgde.

Sykkelveg forbi stasjonen:

Bergen kommune har teke kontakt med Osbanens Venner. Det er løyvd midlar til Aksjon skuleveg, og framføring av Osbanen som gang- og sykkelveg forbi Stend stasjon er eit prioritert felt. Opphavelag hadde kommunen tenkt å utvida Titlestadvegen med ein meter mot sør, men grunneigaren har protestert. Det har i staden vorte føreslått å riva tyskarbrakka for å gjera plass til sykkelvegen, men Hordamuseet har enno ikkje fått alternativ lagringsplass for gjenstandane som ligg lagra der. I skrivande stund kan det sjå ut til at løysinga vil verta å sprenga ut trasé for sykkelvegen langs baksida av brakka. Om sykkelvegen då vil komma for tett innpå jernbanesporet og vogna, er eit anna spørsmål.

Os stasjon:

Dei som har køyrt gjennom Osøyro det siste året, kan vel ikkje ha unngått å leggja merke til at den gamle stasjonsbygningen har fått ei ansiktsløfting. Bygningen er nymåla, og har fått attende originalfargane, det vil seia raude veggjar med okergule listverk (som på Stend stasjon). Den gamle vognverkstaden er riven, men seinare bygt opp på nytt. Den nye bygningen, som eksteriørmessig er lik den gamle, rommar kloakpumpestasjon. Såleis kjem bygningen til nytte, og er dermed sikra for framtida. På sikt skal også vognhallen førast attende til sin opphavelage utjånad, og stasjonsbygningen skal få attende listverk, utskjeringar og veranda, alt slik det var i 1894. Arbeidet med Os stasjon skjer i regi av Os kommune og er avhengig av løyvingar over eit svært stramt kommunebudsjett. Arbeidet går difor seint.

## **Takk!**

Til slutt ønskjer styret å takka alle som på ein eller annan måte har hjulpet til med å driva Osbanens Venner i 1998. Ein spesiell takk går til dei som var med som vakter på museet eller som tok i eit tak på dugnadsdagane. Vi vonar at interessa for den gamle banen vert halde i hevd i 1999 og inn i eit nytt årtusen!

Oddvar Skre

Egil Olav Jakobsen

Anders Kåre Engevik

Atle Skjerlie

Per Ivar R. Tautra

Årsmøtet i Osbanens Venner:

## Framlegg til ARBEIDSPROGRAM 1999

### Osbanens Venner planlegg følgjande aktivitetar i 1999:

1. Arbeidet med å skifta utvendig kledning på stasjonsbygningen må startast opp. Det er viktig at vi får tak i kledning av same typen som er på bygningen frå før.
2. Osbanens Venner har tinga 100 T-skjorter med Osbanemotiv som skal seljast på Stend stasjon og på andre aktuelle stader.
3. Det skal takast kontakt med jernbanekyndige for å få kunnskap om og få registrert det gamle verktøyet som foreininga eig.
4. Det skal haldast ope museum på Stend stasjon kvar søndag i juni og august frå kl. 11-15, med omvising i vogn, sal og stemping av postkort og visning av Osbane-videoen. I tillegg vil Osbanens Venner også i år markera kulturdagane i Fana med fotoutstilling og ope hus på Stend stasjon.
5. Osbanens Venner vil intensivera arbeidet med å registrera foto og gjenstandar med tilknytning til Osbanen. For å få betre oversikt over kva som finst, vil foreininga ha utlysingsannonsar i Fanaposten og Os og Fusaposten.
6. Styret vil ta kontakt med Bergen kommune for å samarbeida om å finna ein best mogeleg trasé for den planlagde sykkelvegen forbi Stend stasjon. Osbanens Venner vil arbeida for å få eit trasé-alternativ som ikkje kjem i konflikt med stasjonen/jernbanesporet.
7. Foreininga skal gi ut informasjonsbladet "Osmerra" i to nummer (vår og haust). Første nummeret skal primært innehalda årsmelding, arbeidsprogram og innkalling til årsmøte. Andre nummeret skal innehalda oppsummering av sommarens aktivitetar og litt historikk.
8. Osbanens Venner vil marknadsføra seg med annonsar i Fanaposten og Os og Fusaposten, oog ved flygeblad og plakatar. Dessutan vil vi laga ei permanent informasjons-utstilling på McDonald Familierestaurant i Rådalen.
9. Osbanens Venner ønskjer å samarbeida med Os kommune. Foreininga tek gjerne del ved kulturdagar e.l. i Os. Eit mål er å gjera museet Stend stasjon betre kjent i Os.



# Kulturvandring på Osbanen

Søndag 1. november 1998 arrangerte Osbanens Venner kulturvandring på Osbanetraseen frå Kalandseid til Hamre. Berre ni personar møtte fram, men dei som var med, fekk ein minneverdig dag i strålande haustsol og med Osbane-eksperten Per Ivar Tautra som turleiar.

## Møka-sporet

Etter ei generell orientering om Osbanen på Kalandseid stasjon, spaserte me tvers over Kismulvegen og såg på restane av det såkalla "Møkasporet". Rundt årshundreskiftet nytta Fana-bøndene Osbanen til å frakta "bymøk" frå byen for å auka grasproduksjonen. Eit sidespor førde frå stasjonsområdet ut på ei oppbygd rampe.

På nedsida av rampe var det opplagstomt for boss, på oppsida var det ei plattform som latrinekaggene frå byen vart plasserte på. Her kunne bøndene koma med hest og kjerre og lasta bymøka over på kjerra. Frå 1910 og nokre få år utetter vart det teke ut malm på Gimmeland eit par kilometer frå Kalandseid. Malmen vart lasta opp på gjødselkompaniet si lasterampe på Kalandseid og sendt med toget til Os. Den oppmura rampe ligg framleis på Kalandseid og vitnar om fordums aktivitetar, men naturen har etter kvart teke overhand og lete grøne vekstar gøyma anlegget bort.

## Steinfyllingar og skinner

Turen vidare gjekk langs Kismulvegen, der Osbanen går skiftevis på øvre og nedre side av vegen. Traseen er på det meste av denne strekninga ikkje i bruk, men er fin å nytta som tursti. Dei som gjekk litt utanfor traseen, kunne sjå både steinfyllingar og forseggjorte kulvertar over små bekkelar. Dei gjorde godt arbeid dei som bygde Osbanen for over hundre år sidan!

Eit par stader stod eit par gamle skinnestubbar stukke ned i bakken. Ved Framnes kunne me sjå traseen etter eit sidespor ned mot neset. Sidesporet vart

anlagt i 1918 då Fane Provianteringsraad tok ut torv på Framnes.

## Osbane-vogn og nytrekt fisk!

På Kismul, der traseen går rett over innmarka, fann me restar etter ei bru med godt bevart brufundament. Me var no om lag halvveges på turen, og det høvde godt å ta ein matpause. Difor hadde styret på førehand gjort avtale med Rolf Bremar, som eig ei gamal Osbanevogn, om at me skulle få koma ned og sjå på vogna hans. Vogna har stått i hagen til Bremar på Kismul heilt sidan banen blei nedlagt i 1935. Vogna står på solid grunnmur, og er difor relativt godt bevart. Eigaren har tenkt å overlata vogna til Os kommune som ønskjer å setja henne på stasjonsområdet på Osøyro. Den gamle vognhallen der skal restaurerast med tanke på eit framtidig samferdslemuseum, og der blir det naturleg plass til vogna.

Bremar hadde sett garn i Kalandsvatnet, og baud på nyfiska røyr, som turdeltaka-rane fekk med seg heim til kveldskos. Eit uventa og positivt innslag på turen!

## Olme oksar

Etter at me hadde forfriska oss med termos, matpakke og godt prat, tok me farvel med familien Bremar og spaserte vidare på traseen mot Sele, forbi restane etter Special Transport sin tidlegare base i strandkanten. Der Osbanen passerte grensa mot beitemarka på Sele, hadde grunneigaren sett opp eit skilt med teksten "Vokt Dem for olme okser" – truleg med tanke på å skremma folk bort. Men grinda var ikkje lukka, og me tok sjansen på at det nok ikkje var olme oksar ute på beite i november. Og det gjekk bra. Konflikt med eit par grunneigarar er elles ein viktig grunn til at Bergen kommune ikkje for lengst har gjennomført reguleringsplanen frå 1980 og opparbeidd strekninga Kalandseid – Hamre til gang- og sykkelveg. På 60-talet var det



*Inne i den gamle Osbane-vogna på Kismul. Vogna tener i dag som uthus og lager, men mykje av det originale interiøret er teke vare på. Benkane er tekne ut av vogna, men eigaren har desse liggjande ein annan stad.*

rettssaker mellom grunneigarar på Kismul/ Sele og Fana kommune om eigedomsretten til traseen, som resulterte i at kommunen fekk medhald. Men det har enno ikkje skjedd noko, sjølv 18 år etter at reguleringsplanen vart vedteken.

Rundt Selneset går traseen i ei ca. fire meter høg skjering, før me kjem inn på innmarka til Selsvik gard. Denne eigedomen tilhøyrer framleis Bondeung-domslaget i Bergen. BUL brukte garden tidlegare til stemnestad, noko som høvde særst godt den tida banen var i drift. Etter banenedlegginga kom Selsvik meir og meir i bakevja, samstundes som interessa for ungdomslagsrørsla og stemnene minka. Gardsdrifta er no nedlagt og garden leigd vekk til eit ridesenter. Den gamle danseplatta nede ved vatnet blei brent av Hamre velforening i 1990, i protest mot at Bergen kommune

planla motorveg gjennom området.

### **Hamre - siste stopp på turen**

Siste stopp på turen var Hamre stasjon, der no Gaia Trafikk har rundkøyring for dei få bussane som enno går til Hamre. Her ligg ei av dei to lengste bruene (8 meter spenn) på Osbanen, som går over Hamreelva. Det var i si tid banevaktar Olaf Fredriksen som hadde kommandoen på Hamre, og her var det òg innlastingsstasjon for mjølk for bøndene ved Kalandsvatnet – før Fanabussane kom og øydela trafikkgrunnlaget for Osbanen.

Per Ivar skal ha stor takk som inspirerande turleiar. Dette må me gjera fleire gonger, slik at mange fleire kan få oppleva den vakre naturen og kulturlandskapet ved Kalandsvatnet!

*Oddvar Skre (ref.)*



*På det gamle stasjonsområdet på Kalandseid. Turleiaren er nummer to frå høgre.*

Osbanens Venner  
Postboks 178 Nesttun  
5852 Bergen

 **Atro sykkel**  
*SPORT & FRITID*  
Sundtsvei 2, 5050 NESTTUN  
Telefon 55 13 14 00 - Telefax 55 13 02 70



**TA KONTAKT MED**



# FANA BLIKK

**KOBBER & BLIKKENSLAGER - FANAVEIEN 39 - 5030 NESTTUN**  
**Tlf: 55 13 85 85 - MOB: 946 28 200**

• Taktekking • Blikk- og ventilasjonsarbeid • Salg av  
takstein, renner, snøfangere • Velux takvinduer m.m.

**Tlf: 55 13 85 85**